

BU-møte 10. mars 2025

Møtte: Ivar Erlend, Inna, Inge, Grete, Eivind. Meldt forfall: Hilde.

1. Konstituering

Hilde er skrivar.

Inna er nestleiar.

2. Kunnskapsoverføring. Kva har BU jobba med til no?

- Dosituasjonen. Samarbeid med næringssamskipnaden, som ynskjer at BU skal halda i saka. Må ha møte med Torgeir Bang. Hilde har teke kontakt med han om saka.
- Bubilparkering. Næringssamskipnaden tek tak i det frå no.
- Det er sagt at BU skal ha to møte med næringssamskipnaden i løpet av året.
- Småbåthamn. Drivstoff for småbåtar? Knapphus var spurde om å oppføra drivstoffstasjon. Skal me jobba vidare med det? Kostnad på ca. 200.000 for oppstart.
- Torget. Må pratast med Torgeir Bang om: eigarskap. Dette er viktig for å få avklara eventuell dugnadsinnsats. Det er visstnok skrive makebyteavtale med Dvergsdal, som aldri vart underskriven eller tinglyst.
- Det har vore møte mellom BU, næringssamskipnaden og sju kommunalsjefar i Sogndal kommune i april i år. Det finst få/ingen skriftlege avtalar om Fjærland mellom kommunen og bygdautvalet. Det fungerer når same personar sit i stillingane sine i mange år, men det er mange nye folk i kommunen som ikkje veit kva som har skjedd.
- Miljøstasjon. Kommunen vil ikkje flytta stasjonen frå kaien, fordi dei eig kaien. Det har vore fleire forslag til kvar. Næringsarealet? Laura og Inna har vore i møte med SIMAS. Det er gode grunnar til å flytta dunkane bort frå kaia, slik at dei ikkje blir fylte med boss frå turistane. Hytterrenovasjon er for hytter fyrst og fremst.
- Innfallsport. Det skjer ingenting meir her før arealplanen er vedteken.
- Me må fylgja med på eventuelle endringar i cruisereglementet i kommunen.

3. Praktisk

Om dokument, epostar, filer, framtidige møtetidspunkt og kommunikasjonform.

Møtetidspunkt: Ca. annakvar månad, meir ved trong.

Neste møte 24. mars dersom Torgeir Bang kan.

Sak: Informasjonsarbeid ut.

Spyledugnad (spyling av torget) før påske. Inna finn dato.

Møte 28. april.

Kommunikasjonsform

Vedtak: I regelen skal all informasjon som gjeld BU ut til alle medlemene pr. epost. Det er viktig at alle sit på same informasjon. Sjekk ein gong i veka.

4. Arbeidsplanen 2025-26

Me går laus på arbeidsplanen som vart vedteken på årsmøtet. Prioritering og planlegging av vidare arbeid.

Arbeidsplanen frå årsmøtet og anna:

1. Folketal
2. Budsjett i Sogndal kommune
3. Samarbeid med næringsaktørar om utvikling
4. Same nemndstruktur
5. Miljøstasjon for landbruk og reiselivsnæring
6. Småbåtanlegg
7. Torget
8. Wifi på torget
9. Innfallsport til Fjærland (Mekken)
10. Jfr. vedtektene: Me må ha jamne møte med kommunestyrerepresentar frå Fjærland (Bjarte)
11. Parkeringsstrategi
12. Gåve til nyfødde
13. Dosaka

Diskusjon om sakene:

7. Torget

Inna tek kontakt med Sogn brann og redning om spyling på torget.

Inna og Grete tek seg av planting på torget.

Ivar Erlend ser etter låsbar donasjonsboks.

Inna sjekkar prisar på kaileige og tingar skilt når Brevasshytta likevel skal tinga.

Grete undersøker løysingar og hentar inn pris for betalt dusj.

Eivind spør Rainer om straumkapasitet til tørketrommel og trekkjerøyr til nettverkskabel.

12. Gåve til nyfødde

Grete held i saka.

8. Wifi på torget

Bygdautvalet får inn pengar for kaileiga (52.000), og bør kunna bruka pengar på å byggja nett. Prisanlag: Nokre tusen, sei ca. 10.000? Meir dersom det skal vera på ferjekaien òg.

Vedtak: Me lagar til eit nett som ikkje krev betaling. Eivind får fullmakt til å prosjektera og kjøpa inn, og kallar inn til dugnad når det gjeld det praktiske arbeidet. Eivind finn prisar før neste møte 24. mars.

13. Dosaka

Vedtak:

Me kallar inn til møte med Torgeir Bang 20. mars kl. 8:30-9:30. Eivind kallar inn, og dei som kan frå BU møter.

Før møtet skal BU ha laga eit framlegg til avtale om drift av toaletta. Inna lagar framlegg, sender til Eivind som fyller ut, og så sender Eivind ut til resten av BU for innspel.

5. Ymse

1. Eivind bed om løyve til å kjøpa inn ein tenar for fjerland.no, som har skylagring, epost, filmar, sosiale media oa., der ma. bygdautvalet kan ha epostadresse. Kostnad: Nokre tusen.

Vedtak: Løyvd.

2. Grete har kontakta 4H om vårrydddeaksjonen. Dei skulle sjå meir på det i samband med ballbingedugnaden. Grete held i saka.

Møtet slutt 20:50.

Ref. EØ